



Alexander Kjæseth
Skarsvegen 11 A
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/660 - 19/9442

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

20.03.2019

Løyve til bruksendring av tilleggsdel til hovuddel- gbnr 137/558 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 169/19

Tiltakshavar: Alexander Kjæseth

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om bruksendring av utleigeleilegheit til hovuddel. Det går fram av søknad at det skal opnast opp mellom leilegheit og bustad.

Det vert elles vist til søknad motteken og supplert 14.03.2019.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF. Eigedomen er ei etablert bustadeigedom, der bruken har vore bustad med utleigedel. Situasjonen no er at dette vert ei einebustad og bruken vert difor redusert. Det er difor vurdert at det ikkje vil vere naudsynt med dispensasjon i frå arealføremålet da bruken er innafor den lovleg etablerte bruken eigedomen allereie har.

Nabovarsel

Det går fram av tilleggsopplýsning motteke her den 14.03.2019 at nabovarsle er gjeve muntleg. Dette er per telefon begrunna med at bruken er redusert i frå to bueningar til ein, og at det er kun innvendig arbeid som er utført.

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for varsling til naboar. Ein finn at deira interesser ikkje vert råka av arbeidet.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Eigedomen er knytt til offentleg vatn- og avlaupsanlegg jf. Løyve datert 14.03.2000.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 d og 20-4 e vert det gjeve løyve til bruksendring av leilegheit i kjeller og samanføring til hovuddel.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/660

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggarbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alexander Kjæseth

Skarsvegen 11 A 5911

ALVERSUND